



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 30/2015

Møtedato: 18.11.15

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

Søknad om reduserte kvoter for elgjakta

Eivind Brenna, jaktleiar for elgjaktlaget i Jaslangen/Bukono skriv følgjande i brev datert 1.11.15:

Søknad om redusert betaling for jakt og mindre kvoter i et terreng med lite elg.

Jaktlaget vårt har jaktet i Bukono/Jaslangen i 2014 og -15. Deler av laget har jaktet her for noen år siden og kjenner terrenget godt og husker godt tida med mye elg i terrenget. I år var det svært lite dyr her. Totalt har vi jaktet 18 dager i snitt 5 timer pr dag i snitt 4 jegere pr dag. Det vil si ca 400 timer og sett 15 dyr. Sannsynligvis er dette de samme 2-5 dyrene som er sett flere ganger.

Jaktlaget har bestått av 8 mann. Vi har brukt 4 hunder. Noen av hundene og noen av jegerne er «ferske», men de fleste er øvede. Vi har gått gjennom hele terrenget gang på gang. Som eksempel hadde vi 24.oktober i tillegg til 8 jegere med oss 4 frivillige og gikk gjennom lia fra Jaslangen til Nøsen uten at et eneste dyr ble lokalisert.

Det har vært svært lite dyr her. Det kan skyldes dårlige jegere og hunder, men ettersom vi har med øvede jegere og hunder så tror vi det må være andre grunner: 1. Naturlig svingning. 2. Stort jaktpress tidligere år. 3. Det tas ut mange dyr på vinterjakt i Hallingdal. 4. Mange dyr skades i trafikken i Hallingdal. 5. Andre årsaker.

Vi mener derfor at kvotene er satt for høyt og søker om:

- 1. Redusert betaling for årets jakt.*
- 2. Reduserte kvoter i de to årene som er igjen av avtaleperioden.*

Søknad om redusert kvote og søknad om redusert pris er behandla i to separate saker .

Kvota for allmenningen har vorte redusert kraftig dei siste åra. I år var kvota på 16 dyr, men det vart berre felt fire dyr. Kvota er fordelt på fire jaktfelt. Eit felt har skote to dyr, to felt har skote eit dyr og det fjerde feltet har ikkje skote dyr.

Dei siste åra har det vore klar nedgang i elgstamma i statsallmenningen og talet på felte dyr har gått kraftig ned dei siste åra. Det er også tilbakemeldingar frå fleire naboterreng i fjellet om at bestanden er langt mindre enn det var tidlegare. Dette er område der elgen trekker ut av området om vinteren. Sannsynlegvis trekker elgen ut til område sør i Hallingdal. Det vart i 2014 starta opp eit merkeprosjekt som bør gi sikrere dokumentasjon om kvar elgen oppheld seg gjennom året. Forvaltning av elgjakt skjer ikkje berre gjennom vanleg jakt, men også ved vinterjakt på trekkelg og ved trafikkuhell med bil og tog. Samla for Vestre Slidre er elgstamma i ei god utvikling, men størstedelen av bakgrunns materialet er frå området utan trekkelg. Det er ikkje lagt fram vurdering av områda som har trekkelg og korleis utviklinga er i dette området. Det hadde vore av interesse å ha meir konkrete tal for utviklinga av fjellelgen. Dette gjeld alle områda der elgen trekker ut av terrenget om vinteren. Kva vi i Vestre Slidre gjer er ein ting, men elgen blir forvalta over eit større område. Naboterreng i Nord Aurdal har vinterjakt og kan ta ut den trekkelegen som kjem frå Vang og Vestre Slidre. Tilsvarande er det for kommunane i Hallingdal, dit ein meiner elgen trekker. Fjellstyret bør be om at elgregion Valhall vurderar stamma ulikt frå område til område. Det bør synleggjerast klarare at elgstamma i vårt fjellområde er på sterk retur. Det kjem ikkje fram i noverande tal. Merkeprosjektet bør no kunne gi ein peikepinn om kvar elgen oppheld seg gjennom året.

I sak 3/2014 bad fjellstyret om at driftsplanlaget, samarbeid med elgregion Valhall, å sjå nærare på problematikken om reduksjon av elgstamma i fjellområda. Dette er ikkje eit isolert problem for Vestre Slidre statsallmenning. I deler av Nord-Aurdal kommune har dei alt begynt å endre avskytinga i strid med dei råd som blir gjeve frå elgregion Valhall. Dette er gjort fordi ein føler at dei lokal jaktinteressene ikkje blir ivaretake gjennom Valhall. Det bør vera ei felles målsetting for elgstamma over eit større område og det skulle ikkje vera nødvendig med isolerte tiltak i dei enkelte grunneigarlag.

Fjellstyret bør, uavhengig om kva som skjer i driftsplanlaget og elgregion Valhall, redusere talet på fellingsløyve til neste år. Det bør også vurderast om ein heilt skal spare produksjonsdyr. Kontrakten på feltet Bjødnhøvd gjekk ut etter årets jakt. Det bør vurderast om dette feltet skal gå inn i eit dei andre felte i staden for å lysast ut. Fjellstyret bør ha ein grundig gjennomgang av uleigesystemet for elgjakta i løpet av vinteren.

Dei tre andre felte i allmenningen har kontrakt på jakt to år til. Om nokon ynskjer å trekkje seg frå kontrakten er det mulig jf. punkt 9 i kontrakt. Fjellstyret må ev. ha melding om dette innan 1. februar.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret ber på nytt driftsplanlaget, i samarbeid med elgregion Valhall, å sjå nærare på problematikken om reduksjon av elgstamma i fjellområda.

Fjellstyret vil alt no signalisere at ein til neste år vil ha ein klar reduksjon i talet på fellingsløyve i statsallmenningen. Fjellstyret vil ta ein grundig gjennomgang av utleigesystemet for elgjakta i løpet av vinteren.

Vedtak:

Fjellstyret ber på nytt driftsplanlaget, i samarbeid med elgregion Valhall, å sjå nærare på problematikken om reduksjon av elgstamma i fjellområda.

Fjellstyret vil alt no signalisere at ein til neste år vil ha ein klar reduksjon i talet på fellingsløyve i statsallmenningen. Fjellstyret vil ta ein grundig gjennomgang av utleigesystemet for elgjakta i løpet av vinteren.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 19.11.15

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Elgjaktlaga
Driftsplanlaget for hjortevilt i Vestre Slidre